




## KORTFATTA BRUKARMANUAL

Jobpics kan vera eit godt verktøy å ta i bruk som eit ledd i vegleiingsprosess fram mot skule, arbeidstrening, jobb e.l. med utgangspunkt i ungdommen sine interesser.

I kofferten ligg ein fyldig brukarmanual. Manualen inneheld mellom anna grundig omtale av verktøyet med teorigjennomgang, kodar, administrering av testen og verktøy til systematisering av resultat etter kartlegginga. Ein bør gå gjennom heftet for å få oversikt over grunnlaget for verktøyet og over kva verktøyet inneheld. Etter å ha prøvd ut Jobpics i eigen praksis, har det vakse fram behov for ein meir kortfatta manual til sjølve gjennomføringa av kartlegginga. I tillegg til å visa til opprinneleg brukarmanual, finn du her forslag til gjennomføring, til oppsummering/etterarbeid og aktuelle linkar til bruk i arbeidet med interessekartlegging. Til slutt kan nemnast at Arne Svensrud, som har utarbeidd Jobpics, legg stor vekt på at ein har stor fridom når det gjeld gjennomføring av interessekartlegginga. Det er dermed rom for å tilpassa verktøyet til både brukar og rådgjevar.



### ***Forslag til gjennomføring (møtet med ungdommen)***

#### **Interesseintervju (eige skjema):**

Skjemaet kan nyttast som inspirasjon og motivasjon til å gå vidare i prosessen. Ein kan òg ta det fram igjen etter gjennomgang av kortbunken og føra på yrke ungdommen har valt seg ut.

#### **Gjennomgang av bunken med kort:**

- Klargjer mål for kartlegginga.
- Set av 1 - 1 ½ time i kalenderen til gjennomføring (inkludert slingringsmonn)
- Avtal med ungdommen om du skal vera til stades eller om du skal vera tilgjengeleg for spørsmål og ev gå litt til og frå.
- Ungdommen sorterer korta i 2 eller 3 bunkar. Det kan gjerne vera lurt å avgrensa til 2 bunkar i første omgang(interessert/ikkje interessert), då det vert meir oversiktleg.
- Sorteringa vert utgangspunkt for vidare samtale. Ta utgangspunkt i «interessertbunken». Tips: Kodane på korta gjev ein peikepinn på interesseområda til ungdommen. Be ungdommen å rangera/gruppera korta. Rangering kan endrast undervegs i vegleiinga. Ein må vera open og fleksibel i samtalen, då kursen kan endra seg undervegs;) Viktig å involvera ungdommen i denne prosessen. Bruk opne spørsmål!



### Etter gjennomgang, sortering og samtale:

- Gjer ungdommen kjend med **utdanning.no** og **jobbkompasset** for meir info om aktuelle yrke.
- Ta eventuelt fram skjemaet for interesseintervju og før på valde interesser/yrke i rubrikken som er sett av til det.
- Aktuelle verktøy for oppsummering og systematisering:
  - Oppsummeringsskjema for Jobpics
  - Resultat prosessverktøy RIASEC(Kopieringsoriginal i kofferten. Elles ligg dei på It's learning i mappa OT/PPT 2015/2016, Nettverksgrupper, Karrierekartleggingsverktøy, Jobpics)

Prosessen er det viktigaste elementet ved interessekartlegginga. Oppsummering og gjennomgang av val er likevel viktige faktorar for den vidare vegleiinga.

### Aktuelle linkar:

- <https://utdanning.no/>
- <https://utdanning.no/jobbkompasset/>
- <http://www.vilbli.no/>
- <http://arbeidoginkludering.no/jobpics>



Malen er utarbeidd våren 2016 av nettverksgruppa Karriereveiledning, OT.